

Møtereferat**Referent:** Ingeborg Lie Fredheim**Dato**
LEIKANGER, 19.03.2015**Deltakarar:**

Aurland kommune: rådmann Steinar Søggaard, rådgjevar Haakon Skjerdal, senioringeniør Steve Elgåen

Fylkeskommunen: ass. fylkesrådmann Paal Fosdal, bygge- og eigedomssjef Jan Tore Rosenlund, rådgjevar Norvald Fosse, arkitekt Erling Haugen, kontorsjef Ingeborg Lie Fredheim (ref.)

Referat frå møte mellom fylkeskommune og Aurland kommune onsdag 18.03.15 om føresetnader for utgreiing av ekstraordinært vedlikehald ved Sogn jord- og hagebruksskule

Tid:

onsdag 18.03.15 kl. 10.00-12.00

Stad:

Fylkeshuset, Leikanger

1. Innleiing / vedtaksgrunnlag / mål med møtet

Paal Fosdal orienterte om bakgrunnen for møtet;

- Vedtak i fylkestingssak 48/15: Sogn jord- og hagebruksskule
- Vedtak i sak 08/15 i Aurland kommunestyre: Førespurnad frå Sogn og Fjordane fylkeskommune om tilskot til ekstraordinært vedlikehaldsarbeid på eksisterande bygningsmasse på Sogn jord- og hagebruksskule.
- Stadfesting frå Kunnskapsdepartementet på at Sogn og Fjordane fylkeskommune får tilført dei statlege tilskotsmidlane, 5 mill. kr, så snart fylkestinget har gjort eit positivt vedtak i saka.
- Fylkeskommunen er også i dialog med venneforeninga

Mål med møtet:

- informere om status i det fylkeskommunale utgreiingsarbeidet
- å klargjere planleggingsramme, prosjektinnhald og framdrift for utgreiing av ekstraordinært vedlikehald på eksisterande bygningsmasse på Sogn jord- og hagebruksskule

2. Informasjon og statusgjennomgang på det fylkeskommunale utgreiingsarbeidet

Jan Tore Rosenlund orienterte om rammene for det pågåande utgreiingsarbeidet:

- Arkitektkontoret Erling Haugen AS er hyra inn til å gjennomføre utgreiingsarbeidet.

- Økonomisk ramme: fylkeskommunen: 20 mill. kr, Kunnskapsdepartementet 5 mill. kr, Aurland kommune 5 mill. kr. Som grunnlag for det pågåande planleggingsarbeidet er det behov for snarleg å få stadfesta den økonomiske ramma frå Aurland kommune.
- I utgreiingsarbeidet har ein teke utgangspunkt i romprogrammet for den tidlegare utarbeidde generalplanen, men noverande prosjekt er betydeleg mindre i omfang enn generalplanen la opp til.
- Fylkeskommune og arkitekt arbeider i tett dialog med skulen i dette arbeidet.

Skisse for framdrifta i arbeidet framover:

- Hovudtrekk i prosjektet på plass til påske
- Hovudrapport frå arkitekten innan 30.04.15
- Skrive sak til fylkestinget i første halvdel av mai.
- Handsaming i fylkestinget 16.juni.

Arkitekt Erling Haugen hadde ein gjennomgang av ambisjonar for og status i utgreiingsarbeidet. Haugen presenterte to alternative løysingar for forbedra/ny situasjonsplan for uteområde. I det eine alternativet er ny parkering plassert nedanfor internatet – parallelt med hovudvegen. I det andre alternativet er parkeringa organisert innafor eksisterande tunområde. Arkitekten orienterte deretter om den rom/funksjonsløysing som no ligg føre. Hovudgrepet er eit mindre tilbygg som bind saman undervisningsbygg og internat. Dette løysar fleire tilhøve for universell utforming. Fleire funksjonar har bytta plass i undervisningsbygg og internat. Dette gjev vesentleg betra logistikk/organisering i eksisterande bygningsmasse. NB: dette er skisseløysingar som vil bli bearbeidde vidare i prosjekteringsfasen.

Ambisjonen for utgreiingsarbeidet er å ruste opp eksisterande lokalitetar på undervisningsareal, arbeidsplassar for lærarar, administrasjon, matsal/kjøken, opphaldsrom og kjøken for elevane. I tillegg kjem naudsynte tiltak eksisterande bygg og anlegg.

Ein føresetnad for å realisere det ekstraordinære vedlikehaldsarbeidet er at utgreiinga viser at dette kan gje grunnlag for tilfredsstillande og forsvarleg drift på skulen i ein 10-12 års periode.

Fylkeskommunen vil også budsjettere med ordinært løpande vedlikehald på bygningsmassen.

3. Gjennomgang, status og ev føresetnader for det kommunale vedtaket og arbeid i saka

Aurland kommune:

I Aurland kommunestyre sitt vedtak 12.02. heiter det m.a.:

«Aurland kommune legg til grunn at Sogn og Fjordane fylkeskommune tek initiativ til drøftingar med Aurland kommune og eventuelt andre aktørar om korleis ein kan få størst mogleg effekt av midlane.»

Dette er ei tilskotssak frå Aurland kommune si side. Sogn jord- og hagebrukskule er forankra i Aurland kommune sin næringsplan og vedtaket i kommunestyret viser at kommunen ønskjer å gå inn med tilskot på 5 mill. kr.

Prosjektet ser bra ut slik det no er presentert.

Rådmannen i Aurland vil gje tilbakemelding til kommunestyret om at det har vore møte mellom fylkeskommunen og Aurland kommune og at prosjektet ligg innanfor føresetnadene. Rådmannen vil rå kommunestyret til å gjere vedtak om endeleg løyving av tilskotet på 5 mill. kr på kommunestyremøtet i april.

I vedtaket i Aurland kommunestyre 12.02. heiter det vidare m.a.:

«Aurland kommune vil snarast greia ut eit alternativ med samlokalisering barnehage og

SJH.»

Aurland kommune sitt arbeid med ny barnehage inngår ikkje i tilskotet til fylkeskommunen på 5 mill. kr.

Aurland kommune har vore i kontakt med Arkitektkontoret Erling Haugen med spørsmål om det er realistisk å sjå føre seg samlokalisering/sambruk mellom prosjektet med ekstraordinært vedlikehald på eksisterande bygningsmasse ved Sogn jord- og hagebruksskule og ny barnehage for Aurland kommune.

Arkitektkontoret Erling Haugen har gjort ei vurdering av dette i eige notat til kommunen. Konklusjonen er at det ikkje er grunnlag for slik samlokalisering/sambruk.

Fylkeskommunen og Aurland kommune arbeider med bakgrunn i dette vidare med sine prosjekt som separate prosjekt.

4. Drøfte vidare arbeid/saksgang

Paal Fosdal orienterte om arbeidet med saka til fylkestinget. Det er lagt til grunn at dersom det vert eit positivt vedtak i fylkestinget i juni, vil hovuddelen av investeringstiltaka på skulen bli utførte i 2016. Det vil difor vere behov for det kommunale tilskotet i 2016.

Vedlegg:

Skisse Arkitektkontoret Erling Haugen AS

Mottakarar:

Møtedeltakarane

Kopi til:

Fylkesutvalet